



# Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Sakshandsamar: Kåre Træen  
Telefon: 57643004  
E-post: [fmsfktr@fylkesmannen.no](mailto:fmsfktr@fylkesmannen.no)

Vår dato  
14.03.2017  
Dykkar dato  
05.01.2017

Vår referanse  
2017/45- 331.1  
Dykkar referanse

Bremanger kommune  
Postboks 104  
6721 Svelgen

## Bremanger kommune – godkjenning av budsjett 2017 og økonomiplan 2017 – 2020

Bremanger kommunestyre har i møte 15.12.2016, sak 88/16, handsama og vedteke budsjett 2017 og økonomiplan 2017 – 2020.

Kommunen er innmeldt i Robek (register for kommunar som er underlagt statleg betinga kontroll og godkjenning). Fylkesmannen skal derfor føre kontroll og godkjenne budsjett og låneopptak.

- **Budsjett 2017 og økonomiplan 2017 – 2020 er godkjent.**
- **Låneopptak på kr 10 000 000 for budsjett 2017 er godkjent.**

### Sakshandsaming

Fylkesmannen har ikkje merknader til kommunen si sakshandsaming. Vi legg til grunn at formannskapet si innstilling for budsjett og økonomiplan, med alle framlegg til vedtak, har lege ute til offentleg gjennomsyn i minimum 14 dagar, jf. kommunelova § 44 nr. 7 og § 45 nr. 3.

### Skatteinntekter og rammetilskot

Kommunen har i budsjettering av inntekt på skatt og formue og rammetilskot lagt til grunn prognosar etter statsbudsjettet for 2017, med folketal pr. 01.07.2016 for rammetilskot og 01.01.2016 for skatt og inntektsutjamninga. Sum skatt og ramme er budsjettert med 255 mill. kroner.

Siste prognosemodell til Kommunenes sentralforbund (KS) tek utgangspunkt i vedteke statsbudsjett for 2017, med innbyggjartal per 01.07.2016 for utgiftsutjamninga, og 01.01.2017 for skatt og inntektsutjamninga. Ut i frå dette er prognosen at Bremanger kommune i 2015 får 255 mill. kroner i skatt og rammetilskot.

Folketalet i kommunen vart i 2016 uendra (+1), medan landet auka med 0,9 %. Folketalsutviklinga i kommunen samanlikna med gjennomsnittleg veksten for landet, har ein klar samanheng med utviklinga av kommunens frie inntekter (skatteinntekter og rammetilskot)

### *Fylkesmannen sin kommentar*

*Skatteinntekter og rammetilskot er budsjettert i samsvar med statsbudsjettet for 2017.*

### Tidlegare års meirforbruk

Etter store tap i Terra-saka (2007 og 2008) hadde kommunen pr. 31.12.2015 eit akkumulert underskot på 100,7 mill. kroner. Etter førebels rekneskap for 2016 er underskotet redusert til 77,5 mill. kroner. Dette etter at kommunen inntektsførte 16,2 mill. kroner i erstatningsoppgjær,

morarenter og saksomkostningar etter dom i rettsaka mellom Terra-kommunane og forsikringsselskapet ACE.

Kommunens plan for inndekning av underskot i mill. kroner:

	2015	2016	2017	2018	2019	2020
inndecking		23,2	25,8	24,7	24	1,8
akkumulert	100,7	77,5	51,7	27	3	1,2

### ***Fylkesmannen sin kommentar***

*Kommunen skal dekkje inn underskota frå 2007 og 2008 innan 10 år, og underskotet på 25 mill. kroner frå 2014 på innan 2021. Det betyr at av eit samla underskot ved utgangen av 2008 på 230,4 mill. kroner, så skal 181,7 mill. kroner vere dekt innan 2017 og resterande 48,7 mill. kroner innan 2018. Etter planen så manglar det 2 mill. kroner for at underskotet på 230,4 mill. kroner er dekt innan 2018.*

### **Driftsbudsjettet 2017**

Netto driftsresultat er budsjettert med 26,7 mill. kroner, som utgjer 6,3 % av driftsinntektene. Driftsresultatet blir i hovudsak brukt til inndekning av tidlegare underskot.

Det er framleis rettstvistar som ikkje er avklara i Terra-saka. Kommunen har ikkje budsjettert med inntekter som følgje av at dei ev. kan få medhald i rettstvistane. I 2016 fekk kommunen ein negativ dom i høgsterett for derivatavtalane, og kommunen har følgd opp dei økonomiske konsekvensane i budsjetteringa. Det er framleis ein renterisiko med derivatavtalane, som kan føre til utgifter eller inntekter for kommunen.

Kommunen fekk i 2016 reduserte eigedomsskatteinntekter frå kraftselskap, og budsjetterer derfor med ein reduksjon i 2017 på 4,6 mill. kroner. For å oppretthalde inntektene, blir skattesatsen på andre eigedomar auka frå 2 til 4 promille. Etter nye utbyggingar av kraftselskapa er det budsjettert med ein forventta auke i eigedomsskatt på 1,5 mill. kroner. Som følgje av nye avtalar er det budsjettert med auka gevinst for sal av konsesjonskraft med 1,3 mill., til 8,2 mill. kroner i 2017. Samanlikna med 2016 tek kommunen i mot færre flyktningar, og årleg inntekt (integreringstilskot) er redusert med 4,5 mill. kroner, til 12 mill. kroner.

Netto ramme for administrasjon og tenesteområda er samanlikna med revidert budsjett 2016 redusert nominelt med 16,4 mill. kroner, frå 302,9 mill. kroner til 286,5 mill. kroner i 2017. Løns- og prisauken (deflatoren) er etter statsbudsjettet 2017 på 2,5 %.

### ***Fylkesmannen sin kommentar***

*Kommunelova krev at budsjettet skal vere i balanse etter finanstransaksjonar og avsetningar, og at det skal vere realistisk. Budsjettet til kommunen oppfyller desse krava i lova, men vi peikar på at større innsparingar i drifta set krav til at kommunen gjennomfører tiltak og har ei tett oppfølging med god styring gjennom budsjettåret.*

### **Investeringar 2017**

Kommunen legg opp til eit investeringsbudsjett i 2017 på 47,4 mill. kroner, fordelt på anleggsmidlar 46,7 mill. og eigenkapitalinnskot KLP 0,7 mill. kroner. Investeringane er planlagt finansiert med låneopptak 10 mill., overføring frå drifta 0,7 mill., mottekne avdrag på lån og refusjonar 2,3 mill., kompensasjon for meirverdiavgift 8,7 mill. og bruk av kapitalfond 25,6 mill. kroner. Av låneopptak utgjer lån til VA-anlegg 3 mill. kroner.

**Fylkesmannen sin kommentar**

Lånegjelda til kommunen vart redusert i 2016, og samanlikna med driftsinntektene har kommunen ei lånegjeld under gjennomsnittet i fylket og landet. Ei årsak til dette, er m.a. at kommunen dei seinare år i stor grad har finansiert investeringar med bruk av eit kapitalfond. Fondet er avsetjingar etter utbetalt kompensasjon for framtidige heimfallsinntekter, som kommunen fekk som eingongsoppgjer etter sal av kraftverka Svelgen I og II frå Statkraft til Svelgen Kraft AS.

**Økonomiplanen**

Kommunen budsjetterer årleg med 255 mill. kroner i skatt og rammetilskot. Prognosemodellen til KS viser 250 mill. kroner før overgangsordninga for inntektsgaranti (INGAR), som i 2017 utgjorde 5 mill. kroner. INGAR blir berekna på nytt i kvart statsbudsjett. Eigedomsskatten er auka opp til 39 mill. kroner i 2019, for deretter å bli redusert til 35 mill. kroner i 2020. Reduksjonen kjem av at skattesatsen på bustad- og fritidseigedomar skal setjast ned frå 4 til 2 promille, slik som satsen var i 2016.

Etter redusert ramme for administrasjon og tenesteområda frå 2016 til 2017 med 16,5 mill. kroner, er det ein mindre auke (2,6 mill.) fram til 2020.

Investeringar i perioden 2017 – 2020 er samla lagt inn med 146,5 mill. kroner. Av dette er 41 mill. kroner planlagt finansiert med nye låneopptak. Avdrag er budsjettert med 47,4 mill. kroner.

**Fylkesmannen sin kommentar**

Kommunelova krev at økonomiplanen for kvart enkelt år skal vise dekning for dei utgifter og oppgåver som er ført opp, og planen til kommunen oppfyller desse krava.

**Vedtak:**

Fylkesmannen skal føre lovlegkontroll av budsjettvedtaket til Bremanger kommune, jf. kommunelova § 60 nr. 2. Vi har føreteke kontrollen, og budsjett 2017 og økonomiplan 2017 – 2020 er godkjende.

Låneopptak på kr 10 000 000 er godkjent.

Med helsing

Anne Karin Hamre

Kåre Træen  
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopi pr. e-post: Kryss Revisjon ([postmottak@kryssrevisjon.no](mailto:postmottak@kryssrevisjon.no))